

F Y L K E S M A N N E N   I   M Ø R E   O G   R O M S D A L  
M I L J Ø V E R N A V D E L I N G A

S T O R E   R O V D Y R  
R O V V I L T S K A D E   P Å   B U F E

Registrering av jerv, bjørn, gaupe og ulv  
og skade som freda rovvilt gjør på  
bufe i Møre og Romsdal; 1990

av

Bjørn Petter Løfall

og

Ulf Lucasen

RAPPORT NR. 4 1991

ISBN 82-7430-037-8  
ISSN 801-9363

FORORD

Frå og med 1987 blei ansvaret for rovviltregistrering og skade-dokumentasjon av store rovdyr overført frå Direktoratet for natur-forvaltning til fylkesmennene.

I denne rapporten er resultata frå registreringane for 1990 i Møre og Romsdal presentert.

Viltforvaltar Ulf Lucasen har hatt ansvaret for registreringane og den vedvarande kontakten med viltneidene, dei lokale rovdyrkontaktane, bufeeigarane og grunneigarane.

Feltarbeidet er i hovudsak utført av personell hos fylkesmannen si miljøvernavdeling og det lokale nettet med rovdyrkontaktar, spesielt kontaktnettet i jerveforvaltingsområdet. I 1990 har koordinator Johnny Loen for Dovre/Rondane jervregionen hatt ansvaret for jerve-registreringar i fem kommunar i Møre og Romsdal. Vi vil takke for samarbeidet med dei to andre fylka.

Ulf Lucasen, Anne Marit Strøm, Alv Ottar Folkestad og Bjørn Petter Løfall har i samarbeid gått igjennom meldingane og utført dei fleste kadaverundersøkingane utanom jerveforvaltingsområdet. Sistnemnde har skrive rapporten.

Til slutt vil vi takke alle som har gitt opplysningar til nytte i registreringsarbeidet, med ein spesiell takk til rovdyrkontaktane for feltarbeid. Takk til fylkesagronom Asbjørn Løfaldli ved fylkeslandbrukskontoret i Møre og Romsdal for datamateriale frå sauhealdet i fylket.

Molde, juli 1991

Fylkesmannen i Møre og Romsdal  
Miljøvernavdelinga

Odd Høgset  
fylkesmiljøvernsjef

Ulf Lucasen  
viltforvaltar

I N N H O L D S F O R T E G N E L S E

<u>Seksjon</u>	<u>Side</u>
1. INNLEIING	2
2. METODAR OG MATERIALE	3
2.1 Rovdyrkurs og kontaktnett for rovdyrregistreringar	3
2.2 Særskilt forvaltingsområde for jerv	3
2.3 Feltarbeid	4
2.4 Vurdering og EDB-registrering av materiale	4
2.5 Rapportering	5
2.6 Materiale	5
3. RESULTAT OG DISKUSJON	7
3.1 Jerv i Møre og Romsdal	7
3.1.1 Registrert aktivitet av jerv	7
3.1.2 Vurdering av jervebestanden	7
3.2 Bjørn i Møre og Romsdal	9
3.2.1 Registrerte bjørnemeldingar	9
3.2.2 Vurdering av bjørnebestanden	10
3.3 Gaupe i Møre og Romsdal	12
3.3.1 Registrert aktivitet av gaupe	12
3.3.2 Vurdering av gaupebestanden	14
3.4 Rovviltmeldingane 1990	15
3.5 Tap av bufe på beite i Møre og Romsdal	15
3.6 Kadaverundersøkingar	17
4. LITTERATUR	18
5. VEDLEGG	20
5.1 Jervemeldingar 1987-1990	20
5.2 Bjørnemeldingar 1987-1990	24
5.3 Gaupemeldingar 1987-1990	25
5.4 Tap av sau og lam på beite 1987	28
5.5 Tap av sau og lam på beite 1987 for organisert beitebruk	29
5.6 Tap av sau og lam på beite 1988	30

<u>Seksjon</u>	<u>Side</u>
5.7 Tap av lam og sau på beite 1988 for organisert beitebruk	31
5.8 Tap av sau og lam på beite 1989	32
5.9 Tap av sau og lam på beite 1989 for organisert beitebruk	33
5.10 Tap av sau og lam på beite 1990 for organisert beitebruk	34
5.11 Kadaverundersøkingar 1990	35
5.12 Rovvilterstatningar 1990	37
5.13 Kontaktpersonar i rovviltarbeidet	38
5.14 Melding om observasjon av rovdyr 19__	39
5.15 Undersøking av kadaver av pattedyr 19__	41
5.16 Rettingar til foregåande rapport	43

## SAMANDRAG

I 1987 blei ansvaret for rovdyrregistreringane i Møre og Romsdal overført frå Direktoratet for naturforvaltning til miljøvernnavdelinga hos Fylkesmannen. Hovudmålet med registreringsarbeidet er å skaffe oversikt over aktiviteten av dei store rovdyra i Møre og Romsdal, og eventuelt vurdere bestanden av dei.

I 1989 blei det skipa eit eige forvaltingsområde for jerv i Dovre/Rondane-regionen som eit samarbeidsprosjekt mellom fylkesmennene i Oppland, Sør-Trøndelag og Møre og Romsdal. Dette skal gje ei einsarta og meir korrekt konflikthandsaming mellom jerv og bufe/tamrein.

Det blei arrangert eit rovdyrkurs i 1989 i regi av fylkesmannen si miljøvernnavdeling kor representantar for viltnemndene og andre aktuelle/interesserte kontaktpersonar deltok. I tillegg har 5 personar frå Møre og Romsdal vore med på rovvilkturs i 1990 i regi av koordinatoren for jerveforvaltingsområdet. På bakgrunn av kursa er det organisert eit kontaktnett for rovdyrregistreringar i 20 av 38 kommunar. Alle fem kommunane i jerveforvaltingsområdet har fleire rovvilktaktar.

Det er samla inn 66 meldingar om jerv, 11 meldingar om bjørn og 9 meldingar om gaupe i Møre og Romsdal 1990.

Norsk institutt for naturforskning har for tida eit høgfjellsøkologiprosjekt i Snøhettaområdet der villrein, jerv og fjellrev er sentrale studieobjekt. Der dei m.a. har sporingar av jerv. Det blei ikkje gjennomført sporingar vinteren 1990 pga. dårlige sporing og værtihøve. I 1989 konkluderte dei med at det blei funne spor av 9-12 forskjellige individ av jerv som var eitt år eller eldre i Snøhetta. Det blei sannsynleg produsert 6 ungar i 3 ulike hi. I omkringliggjande fjell blei det funne spor av 4 forskjellige individ som var eitt år eller eldre. I 1990 var og 3 hi aktive, men ikkje dei 3 same som året før. Ein kan ikkje seie noko om endring i bestanden sidan undersøkingane starta i 1979.

Det blei registrert minimum 4-5 gauper i 1990. Det er ikkje grunnlag for å seie noko om storleik og eventuell endring på bestand(ane) dei siste åra. Til det er materiale for tilfeldig og truleg mangefullt.

Bestanden av bjørn blir vurdert til 0 dyr i 1990. Det er ikkje grunnlag for å seie noko om eventuell endring i bestand dei siste åra. Det er ikkje noko som tyder på at Møre og Romsdal har fast(e) bestand(ar) eller del i ein fast bestand av bjørn. Med dei lange vandringar som dei skandinaviske bjørnane kan gjere, vil nok streifdyr kunne forekomme.

Det blei ikkje meldt om ulv i 1990.

I alt er 71 kadaver av sau og eitt kadaver av elg undersøkt med omsyn til dødsårsak og eventuell skadevaldar 1990. Resultata frå kadaverundersøkingane er følgjande: 41 jerv/ sannsynleg jerv, 2 sannsynleg raudrev, 3 hundedyr/sannsynleg hundedyr, 1 sannsynleg rovdyr, 2 sjukdom/ avmagring, 2 anna og 21 uoppklara.



## 1. INNLEIING

Fylkesmannen i Møre og Romsdal har sidan 1987 hatt ansvaret for kartlegging av store rovdyr i fylket. Målet med arbeidet er så langt som råd å få oversikt over aktivitet og eventuelt bestandane av dei store rovdyra her i fylket. Dei mest aktuelle er jerv, gaupe og delvis bjørn. Her kjem og undersøkingar og dokumentasjon av skadar på bufe valda av rovvilt. Resultata frå registreringane vil bli eit viktig grunnlag for forvaltinga av dei store rovdyra i åra som kjem. I denne rapporten blir arbeidsmetodane og hovudresultata frå registreringane i 1990 presenterte. Materialet på bjørn, jerv og gaupe er handsama og vurdert med omsyn til utbreiing og eventuelt bestand.

Direktoratet for vilt og ferskvannsfisk/Direktoratet for naturforvaltning (seinare kalla DVF og DN), Viltforskninga, har arbeidd med å samle inn og systematisere rovdyrmeldingar frå heile landet sidan 1978. I 5-årsperioden 1980-1984 blei det gjennom Rovviltprosjektet arbeid med metodeutvikling for å samle inn, vurdere og lagre opplysningar ved ulike rovdyrmeldingar. Ei samla framstilling av omfanget til Rovviltprosjektet er presentert av Sørensen og Kvam (1984). Ei detaljert gjennomgåing av metodane ved registreringsarbeidet er presentert av Sørensen et al. (1984). Registreringsarbeidet til fylkesmannen blir gjort etter den metodikk som er utvikla av Rovviltprosjektet, bortsett frå nokre justeringar.

Då ulv, jerv og bjørn blei freda i byrjinga av 70-talet var ikkje gaupa rekna å vere så sårbar som dei andre. Den er framleis jaktbar, og har hatt liten offentleg prioritet i høve til dei totalfreda artane bjørn, ulv og jerv. I medhald av viltlova av 1981 blei gaupa for første gong i Noreg "yngletidsfreda". Den nye lova førte til overføring av ansvar frå DN til fylkesmennene når det gjeld godkjenning av skotpremieordningar og forvaltingsansvar. Sidan gaupa er rekna for å vere sjeldsynt her i fylket, og at den er ein potensiell skadevaldar på bufe på beite, blir og gaupa sin status drøfta og vurdert i denne rapporten.

Kongeørn og havørn blei freda 6. september 1968. Blant dei finn vi kongeørna som ein potensiell skadevaldar på småfe. Kongeørna sin status som skadevaldar blir og drøfta i denne rapporten.

Frå mai 1989 blei det skipa eit forvaltingsorgan for jervestamma i Dovre/Rondane-regionen. Årsaka til samordninga er å ta vare på intensjonane i forslaget til landsplan for store rovdyr (Waag 1987). På den måten skal det bli enklare å sikre ei stammeorientert forvalting av jerv og ei einsarta og meir effektiv konflikthandsaming mellom jerv og bufe/tamrein. Modellen med ei stammeorientert forvalting av jerv vil og halde fram i 1991. Så langt har ein positive erfaringar med modellen.

Det er og løyvd midlar til rovdyrregistrering i 1991. Resultata frå neste år vil bli samla inn og presentert i ein kort rapport.

## **2. METODAR OG MATERIALE**

### **2.1 Rovdyrkurs og kontaktnett for rovdyrregistreringar**

I mai 1989 og juli 1990 blei det arrangert rovdyrkurs for personar frå viltnefndene og andre aktuelle kontaktpersonar i rovviltskadebeidet. Kursa blei arrangert av miljøvernnavdelinga hos fylkesmannen og koordinatoren for jerverforvaltingsområdet. Kurset tok for seg tema bestand og åtferd hos store rovdyr, tolking av spor og sporeteikn, kadaverundersøkingar og andre dokumentasjonsteknikkar.

Det deltok 28 personar på rovviltskursset der 22 personar representerte 19 viltnefndarar av dei totalt 38 i fylket. I tillegg deltok det ein person frå Eikesdal Sauesankelag, ein frå Innerdal Landskapsvernombordet og ein frå Fjelloppsynet i Trollheimen. I 1990 deltok 5 personar frå jerverforvaltingsområdet på rovviltskurs i Oppdal. På grunnlag av kursa har ein fått eit delvis kontaktnett for rovdyrregistreringar, sjølv om det hadde vore ønskeleg om alle viltnefndarar hadde vore representerte på kurset. Ideelt sett bør kontaktnettet bestå av minst to personar i kvar kommune. I dag er kystkommunane relativt sett dårlegast representerte, medan kommunane i jerverforvaltingsområdet har fleire kontaktpersonar i kvar kommune. Sjølv om kystkommunane ikkje har dei same artane av rovvilts som kommunane i innlandet, er det viktig å ha personar her og som kan ta seg av dette arbeidet. Kongeørn, raudrev og kanskje gaupe kan og her vere potensielle skadevaldarar på bufe som sau og geit. Tilsvarande kurs vil bli arrangert ved seinare tilfelle for oppdatering, og for å gje eit tilbod til nye kontaktpersonar og oppsynspersonell.

### **2.2 Særskilt forvaltingsområde for jerv**

I ei landsomfattande vurdering av leveområde for jerv er Dovre /Rondane-regionen peika ut som eit av dei områda i Noreg der det er mogleg å ha ein levedyktig stamme utan at konfliktane med bufe blir for store. Etter sporingar vinteren 1989 blei stammen vurdert til å vere på 19 - 22 dyr (Landa og Skogland 1989). Den er rekna som sårbar.

Frå mai 1989 har fylkesmennene i Sør-Trøndelag, Oppland og Møre og Romsdal engasjert ein felles koordinator til å administrere og samordne forvaltinga av jerv i Dovre/Rondane-regionen. Koordinatoren er knytta til fylkesmannen i Sør-Trøndelag. Området er delt inn i 4 delområde med 2 i Møre og Romsdal. Det eine delområdet er sett saman av Rauma, Nesset og Sunndal kommunar. Det andre delområdet er sett saman av Surnadal og Rindal kommunar. Disse 5 kommunane omfattar omlag 40% av landarealet i fylket.

Det er skipa eit nett av lokale kontaktpersonar som saman med koordinator, skal ta seg av meldingar om rovdyr i regionen. Kvart delområde har kvar sin hovudkontakt. Kvar hovudkontakt har fleire rovdyrkontaktar til disposisjon. I tillegg er leiaren og sekretæren i viltnefndene med i kontaktnettet.

### **2.3 Feltarbeid**

Vi har prioritert å følge opp flest moglege rovdýrmeldingar i felt dersom meldingane var relativt ferske og truverdige. Meldingar med mistanke om rovdýrskadar på bufe er prioriterte framfor andre meldingstypar. Kadaverrestar som har lege ute fleire dagar har på oppmading blitt sendt til miljøvernnavdelinga då spor og sporteikn kring kadaver mest truleg har blitt borte p.g.a. vær og vind, åtsel- etarar, mikroorganismar o.a.

Kadaverundersøkingane er gjort etter ein metode som er skildra av Myrberget og Sørensen red. (1981). Dette tyder at kadaver og området ikring blir undersøkt med omsyn til spor og spor- teikn etter eventuelle skadevaldarar. Så blir kadaver flådd slik at moglege bittskadar, klo- og kloremerke, slagmerke, etemerke og andre merke kjem til syne. Skadevaldande art kan ein då vurdere ut frå draps- teknikk, etemønster og sporteikn i området.

Kadaverundersøkingar er gjort av personell ved miljøvernnavdelinga og rovviltnemnder og rovviltnemndar i og utanom Dovre/Rondane jerveforvaltingsområde. Viltnevndar og rovviltnemndar utanom Dovre/Rondane jerveforvaltings- område skal sende kadavermateriale, skildring av undersøkinga og eventuelt biletmateriale til miljøvernnavdelinga for kontroll dei første gongene, og seinare ved særskilte tilhøve. Skildring av undersøkinga med biletmateriale skal ved alle høve sendast til miljøvernnavdelinga for kontroll. Rovvilkontaktar i jerveforvaltings- området har eige opplegg.

NINA (tidlegare Viltforskninga ved DVF/DN) har utført teljing av jervebestand i Snøhetta og omkringliggjande fjell sidan 1979. Vurderingane av bestanden er gjort på grunnlag av sporingar med snøscooter og ski på førehand definerte løyper med måling av sporstorleik for å skilje individ, samt hiovervakning og andre obser- vasjonar. Sporingar i heile utbreiingsområde innafor eit kort tidsrom blei gjort før første gong vinteren 1989. I tida 1. - 5. april 1989 blei det gjennomført koordinerte sporingar. Til saman blei det spora 700 km og registrert 30 kryssande jervespor i dei sentrale områda. Det blei spora 550 km og registrert 3 kryssande jervespor i dei omkringliggjande områda (Landa og Skogland 1989). Dei refererte områda ligg både i Oppland, Sør-Trøndelag og Møre og Romsdal. Pga. dårlige ver- og sportilhøve vinteren 1990 blei det ikkje gjennomført sporingar, og difor føreligg det ikkje bestandsmateriale for vinteren 1990. Kontroll av hiområde blei gjennomført 1990 som i 1989.

### **2.4 Vurdering og EDB-registrering av materiale**

Rovdýrmeldingane som kjem inn frå viltnevndar og anna hald, blir drøfta så fort som råd. Ofte tek ein kontakt med observatør(ar) for nærmare opplysningar. Meldingane blir kontrollert og vurdert etter kor påliteleg dei er etter hovudtrekka i ein metodikk som er skildra av Sørensen et al. (1984). Koordinatoren for jerveforvaltingsområdet tek for seg jervemeldingane og vurderer dei etter omlag den same metodikken som er nemnd ovanfor. Fylkesmannen i Møre og Romsdal får så tilsendt materiale som gjeld fylket.

Rovdýrmeldingane blir ført over på eit dataskjema som svarar til det som blei bruka av viltforskninga. Så blir meldinga lagt inn på eit EDB-register ved miljøvernnavdelinga. Registeret er eit programsystem i ein FICS-5E og tilpassa bruk i Nord-maskinen ved miljøvern-

avdelinga.

Materialet på bjørn blir eventuelt vurdert med omsyn til bestand og utbreiing etter den metodikk som er skildra av Kolstad et al. (1984). Bestanden av jerv blir presentert, og ein finn det mest korrekt å vurdere bestanden i heile jerveforvaltingsområde. Vi brukar difor konklusjonane eventuelle sporingar frå høgfjellsøkologi-prosjektet i Snøhetta som forskrarar frå NINA har kome fram til. Vurdering av bestand og utbreiing er elles drøfta av Kvam et al. (1984). Det er ikkje motteke ulvemeldingar dei seinare åra i Møre og Romsdal. Utbreiing og bestand av ulv blir elles drøfta av Sørensen et al. (1986). Meldingar om gaupe blir samla inn og vurdert etter den same metodikken som er skildra for dei andre store rovpattedyra.

Unntaket frå vurderingsmetodane til Sørensen et al. (1984) er at sannsynleg melding kan bli bruka som vurdering for alle artane. Tidlegare blei dette berre bruka for ulv. Sannsynlege meldingar er meldingar som har fleire indisiar som peikar i retning av at meldinga er riktig. Meldingane hadde truleg blitt godtekne ved betre dokumentasjon som t.d. foto. Ei sannsynleg melding av eitt individ blir vurdert som 0-1 individ, medan uoppklara meldingar ikkje blir med i bestandsvurderingane/talregistreringane. Innføring av konklusjonen sannsynleg gjer at rovviltsmeldingar og kadavermeldingar blir vurderte etter same system.

Ved dokumentasjon av yngling blir talet på individ vurdert som 2 vaksne + kullstorleik. Hvis ein ved observasjonen berre klarar å dokumentere yngling og ikkje kullstorleik, vil talet på individ bli vurdert til å vere 3 godtekne individ. I tillegg kjem talet på sannsynlege individ. T.d. 1 unge observert av gaupe kor vanlegaste kullstorleik er 2-3, blir vurdert til å vere observasjon av 3-4 dyr (2 vaksne + 1 unge godtekne + 1 unge sannsynleg).

## 2.5 Rapportering

Resultata frå rovdyrregistreringane i Møre og Romsdal vil bli presentert i rapportserien til miljøvernavdelinga med jamne mellomrom. I tillegg vil resultata frå kadaverundersøkingane bli presenterte for DN, viltnemndene og bufeeigarar/reineigarar og landbrukskontor som brev i kvart einskild tilfelle.

Om det blir aktuelt i framtida, kan DN samanhælle resultata frå Møre og Romsdal med resultat som kjem inn frå resten av landet. På bakgrunn av dette kan vurderingar av bestand og utbreiing bli presentert for større regionar eller for heile landet.

## 2.6 Materiale

For 1990 er det kome inn 66 meldingar om jerv, 11 meldingar om bjørn og 9 meldingar om gaupe i Møre og Romsdal. Tabell 2.1 gir ein oversikt over meldingar som er kome inn. Meldingane har kome gjennom kontaktnettet, viltnemndene, personar som har tatt direkte kontakt med fylkesmannen osb. I tillegg har det blitt samla opplysningar gjennom pressa, der vi m.a. har abonnement hos Norske Argus A/S. Dette har gitt få nye meldingar 1988 og 1989, men ein del fleire i 1990.

## Store rovdyr - rovviltskade på bufe i Møre og Romsdal, 1990

Tabell 2.1 Registrerte rovdymeldingar i Møre og Romsdal 1990 fordelt på art og vurdering.

Art	Vurdering av rovdymeldingar 1990					Sum
	Godteke	Sann-synleg	Uopp-klara	Forkasta	Feil	
Jerv	39	10	14	1	2	66
Bjørn			10		1	11
Gaupe	3	2	4		1	10
Totalt	42	12	28	1	4	87

Tabell 2.2 Registrerte rovdymeldingar i Møre og Romsdal 1987-1990 fordelt på art.

År	Melding art			Totalt
	Jerv	Bjørn	Gaupe	
1987	17	10	3	30
1988	19	10	10	39
1989	24	9	7	40
1990	66	11	10	87

I 1990 er det undersøkt eit kadaver av elg, medan resterande kadaver var av sau. Heile 72 kadaver er undersøkt. Dette er omlag like mykje som dei 3 foregåande åra tilsaman.

Tabell 2.3 Undersøkte kadaver 1987-1990 fordelt på art.

År	Kadaverart						Sum
	Sau	Geit	Storfe	Rein	Rådyr	Elg	
1987	23	5	3		1		32
1988	15						15
1989	27			1	1		29
1990	71					1	72

### **3. RESULTAT OG DISKUSJON**

#### **3.1 Jerv i Møre og Romsdal**

##### **3.1.1 Registrert aktivitet av jerv**

For 1990 er det registrert i alt 66 meldingar om jerv der 39 meldingar blir vurdert som godtekne, 10 meldingar som sannsynlege, 14 meldingar som uoppklara, ei melding som forkasta og 2 meldingar som feil. Vedlegg 5.1 er ei oversikt over kvar enkelt melding.

Det blei registrert godtekne, sannsynlege og uoppklara meldingar i 6 kommunar av 38 i fylket. Godtekne og sannsynlege meldingar finn ein berre i jerveforvaltingsområdet og i alle representerte kommunar. Tabell 3.1 gir ei oversikt over dei registrerte jervemeldingane. Alle godtekne og sannsynlege jervemeldingar ligg innanfor Dovre/Rondane jerveforvaltingsområde. Figur 3.1 er geografisk plassering og vurdering av jervemeldingar i 1990.

Tabell 3.1 Registrerte jervemeldingar 1990 fordelt på kommune og vurdering.

Kommune	Vurdering av melding					Sum
	Godteke	Sann-synleg	Uopp-klara	For-kasta	Feil	
Rauma	1					1
Nesset	1		1			2
Fræna			1			1
Sunndal	32	10	11		2	55
Surnadal	4			1		5
Rindal	1		1			2
Møre og Romsdal	39	10	14	1	2	66

##### **3.1.2 Vurdering av jervebestanden**

Møre og Romsdal hører til i den Sør-Skandinaviske jerveregionen med dei to jerveområda Dovre-Trollheimen og Jotunheimen. Region- og områdeinndeling er drøfta og definerte av Kvam et al. (1984). I den seinare tid har nye namn og nye områdeinndelinger blitt tatt i bruk og det har oppstått regelrett namneforgjiring. Det gjeld spesielt bruken av namn på Dovre-Trollheimenområdet som seinare har blitt kalla Snøhettaområdet (namnsett etter villreinstamma i området) og Dovre/Rondaneområdet (namn på jerveforvaltingsområdet). Med eit nasjonalparkforslag i området blir Skrymttheimen sett fram som eit namnforslag.

F.o.m. 1989 blei det oppretta eit eige forvaltingsområde for jerv (sjå kap 2.3). Det omfatter kjerneområda for Dovre-Trollheimen og ytterkantar i Jotunheimen (forvaltingsområdet følgjer kommunegrenser, medan jerveområda er delt opp etter vegar, dalføre o.l.) og blir i dag kalla

Store rovdyr - rovviltskade på bufe i Møre og Romsdal, 1990

# MØRE OG ROMSDAL FYLKE

M 1:1 000 000


## TEKNUKFORKLARING

### Observasjonsstatus

- Spor, hår eller ekskrement
- Synsobsevasjon
- ◆ Skade på bufe e.l.
- ▲ Andre obs. typer

### Vurderingssatus

- Godtekt melding
- Sannsynlig melding
- Uoppklara melding
- 7 ♦ Tal på meldinger



**FIGUR  
GODTEKNE, SANNSYNLEGE  
OG UOPPKLARA JERVE-  
MELDINGER 1990**

Utgitt av Statens Jordbruks-  
forskningsinstitutt, Møre og Romsdal



Dovre/Rondane-jervregion. Landa og Skogland (1989) deler området i to når dei vurderer bestanden av jerv med eit kjerneområdet som blir kalla Snøhetta og dei omkringliggjande områda (området er ein del av fylka Oppland, Sør-Trøndelag og Møre og Romsdal). Dei omkringliggjande områda er Trollheimen, Knutshø, Rondane og Ottadalen. Her blir namnsettinga til Landa og Skogland (1989) nytta, og nedanfor blir deira konklusjonar frå undersøkingane presentert.

Det blei ikkje spora vinteren 1990 pga. av dårlige sporing- og vertilhøve. Nedanfor blir bestandsvurderingane for 1989 presentert.

**Snøhetta:** Det blei spora 5 dagar i Snøhettaområdet i byrjinga av april 1989. Undersøkinga konkluderar med at det blei funne spor av minimum 9 forskjellige individ som var eitt år eller eldre, med eit mogleg tal på 12 dyr.

Det blei sannsynleg produsert 6 unger i 3 ulike hi. I Møre og Romsdal var det størst aktivitet av jerv i Grøvdalen, Reppdalen, Lindalen og områda omkring i Sunndal kommune. Sidan overvaka starta i 1979 er det ikkje mogleg å fastslå om det har vore ei endring av storleiken på jervebestanden i området.

**Trollheimen, Knutshø, Rondane og Ottadalen:** Det blei spora 4 dagar i Trollheimen, Knutshø, Rondane og Ottadalen i byrjinga av april 1989. Det blei funne spor av minimum 4 individ som var eitt år eller eldre.

Hilokalitetane blei kontrollert i 1990, og 3 hi var aktive som året før, men ikkje dei same hilokalitetane som 1989.

### **3.2 Bjørn i Møre og Romsdal**

#### **3.2.1 Registrerte bjørnemeldingar**

I 1990 er det registrert 11 meldingar om bjørn. Ingen meldingar blir vurderte som godtekne eller sannsynlege, 10 meldingar blei vurdert som uoppklara, og ei som feil. Vedlegg 5.2 viser ei oversikt over kvar enkelt melding. Tabell 3.2 gir ei oversikt over registrerte bjørnemeldingar. Figur 3.2 gir ei geografisk oversikt over dei uoppklara bjørnemeldingane som er samla inn i 1990.

Tabell 3.2 Registrerte bjørnemeldingar i 1990 fordelt på kommune og vurdering.

Kommune	Vurdering av melding					Sum
	Godteke	Sann-synleg	Uopp-klara	For-kasta	Feil	
Molde			1			1
Norddal			3			3
Sunndal			2			2
Surnadal			4			4
Aure					1	1
Møre og Romsdal			10		1	11

### 3.2.2 Vurdering av bjørnebestanden

Møre og Romsdal høyrer til i den Sør-Skandinaviske bjørneregionen med dei to bjørneområda Nordmøre/Orkdal og Romsdal. Region- og område-inndeling er drøfta og definerte m.a. av Kolstad et al. (1984) og Overskaug et al. (1986). I denne rapporten er namn og områdeinndeling brukt etter Overskaug et al. (1986).

I den seinare tid er det radiomerkt fleire bjørnar (eit svensk-norsk forskningsprosjekt) som viser at dei brukar større område enn det ein trudde tidlegare. Det er hanbjørnar som brukar store område (sjå m.a. Bjärvall 1989). Det er observert at ein hanbjørn har brukt eit område på 4.300 km<sup>2</sup>, og det er truleg det største som er observert hos brunbjørn (Wabakken et al. 1990). Dette vil truleg føre til ei revurdering av region- og områdeinndeling og tidlegare tal av bestandar.

Sørensen et al. (1990) har vurdert utbreiing og bestand av bjørn i Noreg 1983-1986. Dei vurderer Romsdalsområdet til å ha ein usikker bjørneforekomst og bjørnebestanden i Nordmøre/Orkdalsområdet til å vere direkte trua. Når det gjeld Romsdalsområdet er det i tråd med seinare opplysingar. Loen (1991a) skriv at talet på registrerte bjørnar på Sør-Trøndelag si side i Nordmøre/Hølonda (det same som Nordmøre/ Orkdalsområdet) var 1-2 i 1987, 0-1 i 1988, 0 i 1989 og 0-1 i 1990. I denne perioden har det heller ikkje blitt registrert meldingar om yngling i Nordmøre/Orkdalsområdet. Arbeider ein inn tala for den delen som ligg i Møre og Romsdal (sjå tab. 3.3) bør kanskje Nordmøre/ Orkdalsbestanden no bli plassert i kategorien forekomst eller usikker forekomst. Loen (1991a) skriv også at ein neppe kan snakke om ein fast Nordmøre/Hølondastamme.

På grunnlag av 10 uoppklara meldingar kan ein ikkje sikkert seie at det har blitt observert bjørn i nokon av bjørneområda i Møre og Romsdal i 1990. I tabell 3.3 nedanfor er vurderingar av bestanden/registrerte bjørnar i dei ulike områda satt for åra 1978 - 1990. Vurderingane for åra 1978 - 1982 og 1983 - 1986 er gjort i regi av Rovviltprosjektet av Kolstad et. al (1984) og av Sørensen et. al (1990).

# MØRE OG ROMSDAL FYLKE

M 1:1000 000


## TEIKNFORKLARING

### Observasjonsstatus

- Spor, hår eller ekskrement
- Synsobsevasjon
- ◆ Skade på buse e. l.
- ▲ Andre obs. typer

### Vurderingssatus

- Godteke melding
- Sannsynleg melding
- Uoppklaara melding



**FIGUR  
GODTEKNE, SANNSYNLEGE  
OG UOPPKLARA BJØRNEMELDINGAR 1990**



Utgivne av Statens Naturverk  
Præsentert i Nøva og Romsdal

887 000  
100 000



Store rovdyr - rovviltskade på bufe i Møre og Romsdal, 1990

Tabell 3.3 Vurdering av registrerte bjørnar i Møre og Romsdal 1978-1990.

Område	År					
	78-82	83-86	1987	1988	1989	1990
Romsdalsområdet	1-2	0-4	0	0	0	0
Nordmøre/Orkdalsområdet	7-15 <sup>1</sup>	3-4 <sup>1</sup>	0 <sup>2</sup>	0-1 <sup>2</sup>	0 <sup>2</sup>	0 <sup>2</sup>
Heile fylket	U	U	0	0-1	0	0

1 = Estimert tal på bjørnar gjeld heile bjørneområdet, både i Møre og Romsdal og Sør-Trøndelag.

2 = Bjørneområdet omfattar delar av to fylke. I tabellen er berre tala frå Møre og Romsdal med for 1987-1990.

U = Ikke vurdert.

### 3.3 Gaupe i Møre og Romsdal

#### 3.3.1 Registrert aktivitet av gaupe

For 1990 er det registrert 9 meldingar om gaupe der 2 meldingar blir vurderte som godtekne, 2 meldingar som sannsynlege, 4 som uoppklara og ei melding som feil. I tillegg kjem ei godteke melding frå 1991 som er viktig for registrering av talet på gauper i 1990. Vedlegg 5.3 viser ei oversikt over kvar enkelt melding.

Det blei registrert godtekne, sannsynlege og uoppklara meldingar i 6 av dei 38 kommunane i fylket. Tabell 3.4 gir ei oversikt over registrerte gaupemeldingar. Figur 3.3 gir ei geografisk oversikt over godtekne, sannsynlege og uoppklara meldingar.

Tabell 3.4 Registrerte gaupemeldingar 1990 fordelt på kommune og vurdering.

Kommune	Vurdering av melding					Sum
	Godteke	Sann-synleg	Uopp-klara	For-kasta	Feil	
Molde	1 <sup>1</sup>	1				2
Sande			1			1
Volda			2			2
Sykylven			1			1
Vestnes					1	1
Sunndal	1					1
Surnadal	1	1				2
Møre og Romsdal	3	2	4		1	10

1=En melding frå 1991 som er viktig for vurdering av talet på registrerte gauper i 1990.

# MØRE OG ROMSDAL FYLKE

M 1:1 000 000

## TEIKNFORKLARING


### Observasjonsstatus

- Spor, hår eller ekskrement
- Synsbeobravasjon
- ◆ Skade på bufe e.l.
- ▲ Andre obs.-typar
- ▲ Avkom

### Vurderingsstatus

- God trøke melding
- Sannsynleg melding
- Uoppklara melding

504000  
530000



507100  
504000



### 3.3.2 Vurdering av gaupebestanden

Då ulv, jerv og bjørn blei freda i 1973, var gaupe den einaste av dei store rovpattedyra som ikkje blei totalfreda. Av den grunn har ikkje gaupa vore objekt for så omfattande undersøkingar og drøftingar som dei tre totalfreda artane som har vore undersøkt i Rovviltprosjektet, med unnatak frå registreringar på Sørlandet (Landa 1986).

På grunnlag av 2 godtekne, 2 sannsynlege og 4 uoppklara meldingar 1990, og godteke melding Molde 1991 (RK-05-91) blir talet på individ vurdert til å vere minimum 4-5 dyr. Melding RK-05-91 er funn av eit kranie av ein gaupeunge som ikkje hadde felt melketenner. Ut frå vurderingar av kva som var att på kraniet døydde gaupeungen hausten 1990. Kraniet er kontrollert av forskar T. Kvam, NINA. I tabell 3.5 nedanfor er meldingane sette opp kommunevis med vurdering av bestanden. Tabellen gir ikkje et bilet av gaupebestanden, men viser kor mange dyr som sikkert er påvist i fylket. Tabell 3.6 gir ei oversikt over minimum registrerte gaupeindivid 1987-1990.

Tabell 3.5 Registrerte gauper i Møre og Romsdal 1990, fordelt på vurdering og kommune.

År	Tal på meldingar, vurdering og kommune	Tal gauper
1990	1 godteke <sup>1</sup> og 1 sannsynleg Molde 1 godteke Sunndal 1 godteke og 1 sannsynleg Surnadal	2-3 1-1 1-1
	Sum Møre og Romsdal	4-5

1 = Påvist yngling (melding RK-05-91) ved funn av kranie av ung gaupe med melketenner. Det vanlige talet på ungar i eitt kull er 2-3 (Kvam i press). Vi vurderer denne meldinga til 2 vaksne og 2 ungar (derav ein sannsynleg), minus avgang på eitt dyr.

Tabell 3.6 Vurdering av registrerte gauper i Møre og Romsdal 1987-1990.

Område	År			
	1987	1988	1989	1990
Heile fylket	1-2 <sup>1</sup>	4-5	2-3	4-5

1 = Tidlegare vurdering endra p.g.a. at ny melding har kome i tillegg i 1990.

Resultata frå skotpremiestatistikk/fellingsstatistikk (Statistisk Sentralbyrå 1978-1990) og observasjonar viser at gaupa framleis er eit relativt sjeldsynt dyr i Møre og Romsdal som elles på Vestlandet. Møre og Romsdal ligg truleg på grensa av utbreiinga til gaupa, spesielt når det gjeld stabile bestandar. Ubreiingsgrensa i Møre og Romsdal er eit menneskeskapt fenomen då gaupa var vanlegare før. Skotpremie-statistikk viser at gaupa var vanlegare i fylka i sør, sjølv om dei truleg ikkje har vore tallrike som andre delar av landet (sjå Statistisk Sentralbyrå 1978-1990). Myrberget (1970) og Heggberget og Myrberget (1980) viser og at gaupa på Vestlandet mangla eller var meir

fåtallig enn på Austlandet og i Trøndelag i 1945 - 1980, men at bestanden var aukande. Dei siste åra viser at det er flest godtekne og sannsynlege meldingar i Sykkylven og på indre Nordmøre. Ein eventuell bestand på Nordmøre må sjåast i samanheng med område i Sør-Trøndelag som grenser til Nordmøre. Overraskande var det då det blei funne eit kranie av ei ung gaupe født mai/juni 1990 i Moldeområdet. Dette er den andre konstaterte yngling av gaupe i Møre og Romsdal sidan registreringane starta. I tillegg er dette første dokumenterte avgang sidan 1980. Kor stor gaupebestanden er/kan vere og kor mange reproduserande hoggauper som finst i Møre og Romsdal er det ikkje grunnlag for å vurdere. Det er heller ikkje grunnlag for å vurdere om det har vore ei minke eller auke i gaupebestanden 1987 - 1990 med det materiale som har blitt samla inn.

Lucasen og Løfall (1990) skriv at siste felte gaupe i Møre og Romsdal blei skoten i 1965. Dette er opplysningar frå Statistisk Sentralbyrå (1978-89) og forskar Tor Kvam ved NINA (pers. medd.). Nyare opplysningar viser at dette ikkje er rett. Ei gaupe skoten på Horgheim i Rauma, den 21. september 1980 (Stein Remmem pers. medd.) er ikkje med i Statistisk Sentralbyrå (1981) sitt materiale. Det var ei hangauge som veide 15 kg. Ei gaupe skoten den 25. mars 1955 på Vågstranda i Rauma er heller ikkje komen med i Statistisk Sentralbyrå (1978) sitt materiale. Det var ei hangauge som veide 18 kg (Olav P. Berild pers. medd.). Både gaupene er utstoppa.

Tidlegare år har det vore skotpremie på gaupe i nokre kommunar i Møre og Romsdal. Frå og med jaktsesongen 1990/91 er det ikkje lov å betale ut skotpremie på gaupe skoten i Møre og Romsdal. Det gjeld ikkje fellingsvederlag på kr. 1.000,- som NINA betalar ut for å tilsendt skrotten av gaupe. Gaupa sin status er vurdert som usikker i nasjonal samanheng (Christensen og Eldøy 1988), og det kjem av at den er av dei fire store rovdyra vi har minst kunnskap om i Noreg. Gaupa sin biologi, storleik på bestandar og utbreiing har ikkje blitt studert og vurdert så grundig gjennom Rovviltprosjektet som bjørn, jerv og ulv.

### 3.4 Rovvilmeldingane 1990

I 1990 har det kome inn 81 meldingar totalt. Så mange meldingar har ein ikkje hatt sida fylkesmannen fekk ansvaret for rovdyr-registreringar. Dette skyldast nok at fleire er kjent med at miljøvernavdelinga hos fylkesmannen er interessert i observasjonar av rovdyr. I tillegg har det vore skadeproblem av jerv på sau i Sunndalsfjella i 1990. Observasjonar av rovdyr er "godt stoff" i media og fleire meldingar har kome gjennom avisar. Nokre av meldingane er observasjonar frå tidlegare år.

### 3.5 Tap av bufe på beite i Møre og Romsdal

Kvar år blir det meldt om tap av fleire tusen bufe på beite, og det gjeld spesielt bufe som beiter i utmark utan tilsyn store delar av beitesesongen. Dei mest aktuelle er sau og geit. Då det er mykje meir sau enn geit på utmarksbeite, er det sauehaldet som i tal lir dei største tapa. På denne bakgrunn er det rimelig at det er mellom sau og rovvilt at ein finn dei største konfliktane. Vi ser derfor nærare på tilhøva mellom rovvilt og/eller rovviltskade og tap av sau på beite, sjølv om enkelte geitebønder og har hatt rovviltskade. Tilhøva mellom ikkje nemnde bufe og rovvilt har ikkje blitt rekna for å vere noko stort problem i seinare tid.

### 3.6 Kadaverundersøkingar

I 1990 blei det undersøkt 72 kadaver eller skadd bufe med omsyn til dødsårsak/skadeårsak. Resultata frå kadaverundersøkingane viser følgjande konklusjonar: 41 jerv/ sannsynleg jerv, 2 sannsynleg raudrev, 3 hundedyr/sannsynleg hundedyr, 1 sannsynleg rovdyr, 2 sjukdom/ avmagring, 2 anna og 21 uoppklara. Tal på skadar er noko færre enn det som blei meldt som skade årsaka av freda rovvilt, og mindre enn det det er kravd erstatning for. Tabell 3.7 viser ei oversikt over undersøkte kadaver, skademeldingar og skadeårsaker. Vedlegg 5.8 gir meir detaljert oversikt over kadaverundersøkingane. Vedlegg 5.9 gir oversikt over kravd erstattat og erstattat bufe drepe av freda rovvilt.

Dei aller fleste kadaverundersøkingane er gjennomført av lokalkontaktar i Dovre/Rondane jervregion, og hovudsakeleg i Sunndal kommune. Ellers er det gjennomført av andre rovviltskontaktar og av personell ved miljøvernavdelinga.

Av undersøkte kadaver er 21 uoppklara og det viser seg at kadaver som har lege lengst eller kadaver som det er berre restane att av er vanskelegast for å finne dødsårsak på. Det hender at ein finn ut dødsårsaka sjølv om kadaveret er gammalt eller det er berre restane igjen. I disse tilfella er det i eller på bein- og knokkelrestar ein har størst sjanse å finne spor som kan forklare eller gje mistanke om dødsårsak. Det er sjølvsagt at i slike høve fell mange moglege dødsårsaker bort, og ein må som oftast konkludere med at dødsårsaka er uoppklara.

Tabell 3.8 Skademelding og skadevaldar/dødsårsak for undersøkte sauekadaver 1990.

Skadevaldar/anna dødsårsak	Skademeldingar 1990							Sum
	Bjørn	Jerv	Gaupe	Ørn	Rovdyr	Rev	Anna	
Bjørn								41
Jerv		41						
Gaupe								
Kongeørn								
Rovdyr				1				1
Raudrev								
Hundedyr					1	1		2
Sjuk/avmag								
Slagskade								
Ryggvelt								
Anna		2						2
Uoppklara	1 <sup>1</sup>	12		4			4	21
Totalt	2	55	1	6		1	7	72

<sup>1</sup>=elg.

Tap av sau og lam i Grøvdal- og Svarthaugenområdet i Sunndalsfjella i Sunndal, var relativt høge i 1990 (Loen 1991b). Dette er dei høgast dokumenterte rovviltskada i Møre og Romsdal sidan Rovviltprosjektet og rovviltsregisteringane starta. Tidlegare er det gjort 3 undersøkingar i fylket med omsyn til tap av sau og lam på beite. Alle er utført i 1980-åra. Brødrerud et al. (1982) undersøkte Halsa og Surnadal kommunar. Abrahamsen (1985) undersøkte Valsøyfjord, Halsa kommune kor 10,7% av dei tapte dyra blei funnet og undersøkt. Landa et al. (1983) undersøkte Eikesdalen, Nesset kommune kor 10,1% av dei tapte dyra blei funnet og undersøkt, sjå tabell 3.7. Disse viste berre små rovviltskadar med unntak av Landa et al. (1983), men her var talmateriale lite. I Sunndalsfjella er det verdt legge merke til det høge gjennfunnet på 27,3% av dei tapte dyra (48 funnet av 176 tapte). Dei relativt høge tapa i Sunndal 1990 skuldast skade av jerv frå byrjinga av juli til midten av september 1990, sjå tabell 3.7. Sjå elles vedlegg 5.8.

Tabell 3.7 Kadaverundersøkingar av sau i fire undersøkingsområde

Undersøkings område	Dødsårsak av undersøkte kadaver i %							Tal under- søkte kad- aver
	Uopp- klara	Alv- eld	Jerv/ sann- synleg jerv	Anna rov- dyr	Sjuk- dom/ para- sittar	Anna	Sum	
Halsa/ Surnadal <sup>1</sup>	46	29		8	10	6	99	48
Valsøyfjord i Halsa <sup>2</sup>	48	41		2	4	4	99	46
Eikesdalen i Nesset <sup>3</sup>	43		50		7		100	14
Sunndalsfj. i Sunndal <sup>4</sup>	15		81		4	100		48

1 = I tillegg er ein hjort (uoppklara), 1 rådyr (uoppklara), ein elg (fibro papillomatose) og 1 ku (fall, kraniebrudd) undersøkt med omsyn til dødsårsak.

2 = I tillegg blei det funnet 5 kadaver (1 rovdyr, 2 rovdyr?, 2 alveld og 1 alveld?) frå eit anna sauesankelag som undersøkinga ikkje hadde meint å dekke.

3 = I tillegg er 1 elg (uoppklara), 1 hjort (truleg sjukdom), 1 rein (sannsynleg jerv) og 9 fjørårskadaver av sau (7 sannsynlig jerv og 2 uoppklara) undersøkt med omsyn til dødsårsak. 29% av totale materiale på 14 kadaver er vurdert som sikker jervedrepe.

4 = I tillegg blei det funne 5 fjørårskadaver (4 uoppklara og 1 sannsynlig jerv) og 1 Oppdalsau (jerv). 61% av det totale materiale på 48 kadaver er vurdert som sikker jervedrepe.

I åra 1987-1989 har 140.000 - 150.000 sau og lam blitt sleppt på beite i Møre og Romsdal. Kvart år er det mellom 8.500 og 9.000 sau som ikkje kjem att (Lucasen og Løfall 1990). For 1990 finst det ikkje totale oversikter over sleppte og tapte sau på utmarksbeite. Dette skyldast endra rutiner ved fordeling av tilskot i sauenæringa. I 1989 blei det ikkje gitt tilskot til organisert beitebruk, men det blei allikevel samla inn mykje talmateriale frå organisert beitebruk dette året. I 1990 blei det igjen gitt tilskot til dette føremålet. I vedlegg 5.4 - 5.7 blir difor talmateriale frå organisert beitebruk for 1987-90 presentert.



#### 4. LITTERATUR

- Abrahamsen, T. 1985. Årsaker til tap av sau på utmarksbeite i Valsøyfjord. Upubl. hovedoppgave. Norges landbrukshøgskole, Ås.
- Bjärvall, A. 1989. Björnens vandringar klarnar. Svensk Jakt nr. 9 1989.
- Brødrerud, E., Kvam, T. og Sørensen O. J. 1982. Tapsårsaker for sau på utmarksbeite, Nordmøre 1981. Viltrapport 22.
- Christensen, H. og Eldøy, S. 1988. Truede virveldyr i Norge. DN-rapp. nr. 2-1988. 99s.
- Heggberget, T.M. og Myrberget, S. 1980. The Norwegian Lynx population in the 1970s. Fauna norv. ser. A 1:29-33.
- Kolstad, M., Kvam, T., Mysterud, I., Sørensen, O.J. og Wikan, S. 1984. Bjørnen i Norge 1978 - 1982. Viltrapport 31. 68s.
- Kvam, T., Overskaug, K., og Sørensen O.J. 1984. Jerven i Norge 1978-1983. Utbredelse og bestand. Viltrapport 32. 76s.
- Kvam, T. 199x. Reproduction in the European lynx *Lynx lynx* L.. Zeitschrift für Säugetierkunde. (I press).
- Landa, A., Sørensen, O. J. og Kvam, T. 1983. Jerv og sau i Eikesdalen 1982. Arbeidsrapport fra Rovviltprosjektet nr. 5. 44s.
- Landa, A. 1986. Gaupe i Agder og Telemark. Arbeidsrapport fra Rovviltprosjektet nr. 23. 22s.
- Landa, A og Skogland, T. 1989. Bestandstelling av jerv i Snøhetta og omkringliggende fjell vinteren 1989. NINA notat 2.
- Loen, J. 1991a. Registreringer av bjørn, ulv, jerv og gaupe i Sør-Trøndelag 1990. -Rapp. 2-1991. Fylkesmannen i Sør-Trøndelag, miljøvernnavd.
- Loen, J. 1991b. Dovre/Rondane jervregion. Årsmelding 1990 frå eit forvaltningssamarbeid mellom fylkesmennene i Sør-Trøndelag, Møre og Romsdal og Oppland. -Rapp. 1-1991. Fylkesmannen i Sør-Trøndelag, miljøvernnavd.
- Lucasen, U. og Løfall, B.P. 1990. Store rovdyr - rovviltskade på bufe. Registrering av jerv, bjørn, gaupe og ulv og skade som freda rovvilt gjer på bufe i Møre og Romsdal; 1987 - 1989. Fylkesm. i Møre og Romsdal, miljøvernnavd. rapp. nr. 7 1990.
- Myrberget, S. 1970. Den norske bestand av jerv *Gulo gulo*(L.) og gaupe *Lynx lynx*(L.). Medd. Stat. Viltunders. 2, 33.
- Overskaug, K., Sørensen, O.J. og Kvam, T. 1986. Bjørn i Norge 1983 - 1984. Arbeidsrapport fra Rovviltprosjektet nr. 29. 53s.
- Myrberget, S. og Sørensen, O.J., (red.) 1981. Spor og sportegn etter store rovdyr. Viltrapport 15. 134s.

Store rovdyr - rovviltskade på bufe i Møre og Romsdal, 1990

- Statistisk Sentralbyrå 1978. Jaktstatistikk 1846-1977. 195s.
- Statistisk Sentralbyrå 1979. Jaktstatistikk 1978. 59s.
- Statistisk Sentralbyrå 1980. Jaktstatistikk 1979. 60s.
- Statistisk Sentralbyrå 1981. Jaktstatistikk 1980. 60s.
- Statistisk Sentralbyrå 1982. Jaktstatistikk 1981. 60s.
- Statistisk Sentralbyrå 1983. Jaktstatistikk 1982. 60s.
- Statistisk Sentralbyrå 1984. Jaktstatistikk 1983. 62s.
- Statistisk Sentralbyrå 1985. Jaktstatistikk 1984. 57s.
- Statistisk Sentralbyrå 1986. Jaktstatistikk 1985. 60s.
- Statistisk Sentralbyrå 1987. Jaktstatistikk 1986. 58s.
- Statistisk Sentralbyrå 1988. Jaktstatistikk 1987. 58s.
- Statistisk Sentralbyrå 1989. Jaktstatistikk 1988. 58s.
- Statistisk Sentralbyrå 1990. Jaktstatistikk 1989. 58s.
- Sørensen, O.J., Mysterud, I. og Kvam, T. 1984. Sentral registrering av store rovdyr i Norge. Viltrapport 30. 157s.
- Sørensen, O.J., og Kvam, T. (red.) 1984. Rovviltprosjektet 1980-1984. Viltrapport 34. 142s.
- Sørensen, O.J., Kvam, T., Wabakken, P. og Landa, A. 1986. Ulven i Norge 1948 - 1984. Utbredelse og bestand. Viltrapport 33. 94s.
- Sørensen, O.J., Overskaug, K. og Kvam, T. 1990. Bjørn (*Ursus arctos* L.) i Norge. Utbredelse og bestand 1983-1986. NINA forskningsrapport 008-1990. 76s.
- Waag, A.B. 1987. Landsplan for forvaltning av bjørn, jerv og ulv. DN-rapp. nr. 6-1987. 37s.
- Wabakken, P., Bjärvall, A. og Sandegren, F. 1990. Radio-tracking brown bears: Progress report. IUGB Congress 19. Trondheim 1989. Transactions vol. 2:572.

5. VEDLEGG5.1 Jervemeldingar 1987-1990

===== DATO : 17.07.91  
 \*\*\*\*\* UTSKRIFT FRA ROVDYR-REGISTERET TYPE : 5 \*\*\*\*\*  
 ======  
 JERV I MØRE OG ROMSDAL

Obs.År Komune	Vurdering	Obs. dato	Observasjonstype	UTM-referanse	Stedsnamn	Ref.nr
------------------	-----------	--------------	------------------	---------------	-----------	--------

## MELDINGAR 1987

RAUMA	GODTEKE	07	Synsobservasjon	32V MP 350990	Pytteggende
RAUMA	GODTEKE	0210	Sporavtrykk	32V MQ 447179	Tverråa
RAUMA	GODTEKE	0811	Sporavtrykk	32V MQ 450020	Kabben
RAUMA	GODTEKE	2709	Bår	32V MQ 397100	Håndalshau
RAUMA	GODTEKE	3008	Drapsteknikk av byttedyr	32V MQ 547145	Kaldhøtjern
RAUMA	GODTEKE	3010	Synsobservasjon	32V MQ 460030	Brøstdalen
RAUMA	UOPPKLARA	09	Sporavtrykk	32V MQ 510245	Grønbotn
RAUMA	SANNSYNLEG	0110	Drapsteknikk av byttedyr	32V MQ 465166	Nyfonna
RAUMA	SANNSYNLEG	0110	Drapsteknikk av byttedyr	32V MQ 468158	Vermedalen
RAUMA	SANNSYNLEG	0110	Drapsteknikk av byttedyr	32V MQ 457167	Vermedalen
RAUMA	SANNSYNLEG	0110	Drapsteknikk av byttedyr	32V MQ 474159	Vermedalen
RAUMA	SANNSYNLEG	2709	Drapsteknikk av byttedyr	32V MQ 400099	Håndalshau
NESSET	GODTEKE	0209	Drapsteknikk av byttedyr	32V MQ 573220	Brusabotn
SUNNDAL	GODTEKE	0110	Synsobservasjon	32V NQ 060340	Gravemsetre
SUNNDAL	GODTEKE	0209	Synsobservasjon	32V NQ 070250	Skråtangen
SUNNDAL	GODTEKE	0509	Synsobservasjon	32V NQ 030240	Flatskiråda
SUNNDAL	GODTEKE	0509	Synsobservasjon	32V NQ 080250	Steinkollen

## MELDINGAR 1988

NORDDAL	GODTEKE	2105	Sporavtrykk	32V MQ 300100	Veslelangda
RAUMA	GODTEKE	04	Sporavtrykk	32V MQ 310250	Trollstigen
RAUMA	GODTEKE	05	Sporavtrykk	32V MQ 310250	Trollstigen
RAUMA	GODTEKE	07	Synsobservasjon	32V MQ 315055	Muldalseggå
RAUMA	GODTEKE	2205	Synsobservasjon	32V MQ 420140	Vermehø
RAUMA	GODTEKE	2205	Synsobservasjon	32V MQ 470140	Vermestølen
RAUMA	GODTEKE	2503	Sporavtrykk	32V MQ 544092	Brude

## Store rovdyr - rovviltskade på bufe i Møre og Romsdal, 1990

RAUMA	GODTEKE	3003	Sporavtrykk	32V MQ 520040	Brøste
RAUMA	UOPPKLARA	2503	Sporavtrykk	32V MQ 544092	Brude
